

Fagfellerapport for 2023 om bachelorprogrammet i arbeids- og organisasjonspsykologi ved Det Psykologiske Fakultet, UiB

Følgjande problemstillingar vart gitt til fagfellen av fakultetet:

Basert på egen vurdering av studieplanen, og via intervju med tidlige studenter på programmet (evt. sisteårsstudenter)

1. *I hvilken grad oppleves en rød tråd i bachelorprogrammet som en helhet (både innhold og kronologi av kurs)?*
2. *Bachelorprogrammet i arbeids- og organisasjonspsykologi deler noen emner med andre bachelorprogram ved UiB (PSYK111, PSYK112, PSYK113, PSYK114, PSYK202). Vi ønsker en vurdering av hvorvidt disse emnene passer inn i vårt program, basert på innhold og kronologi*

Spørsmåla er svart på med utgangspunkt i studieplanen, som seier at studiet skal «*gi studenten inngående innsikt i menneskelig samhandling og kommunikasjon i arbeidslivet og betydninga av gode og dårlige arbeidsmiljø for medarbeidars velvære og effektivitet og produktivitet i verksemda.*»

Bachelorprogrammet skal innehalde inntil 30 studiepoeng innføringsemne, 120 studiepoeng med spesialisering (1 1/2 års studium) innan arbeids- og organisasjonspsykologi eller ein godkjend fagkombinasjon. Dei siste 30 studiepoenga kan veljast frå andre fag.

Vidare står det at «*Det vert lagt vekt på å formidle kunnskap om og forståing av sentrale temaområde slik som: organisasjonsteori, leiing, psykososiale arbeidsmiljøfaktorar, stress, meistring, utbrenning, jobbtrivsel, mobbing, konflikthandtering, organisasjonskultur, organisasjonslæring, omstillingar, rekruttering, turnover, jobbusikkerheit, arbeidsevne, mangfald, psykologiske kontraktar, karriereutvikling, sjukefråvere og helse i arbeidslivet.*»

Eg har først gitt mi individuelle vurdering, deretter studentane sine vurderingar, og til sist forsøkt å samanfatta vurderingane.

Fagfelle si vurdering

1. For å vurdere den raude tråden i programmet er først samanhengen og innhaldet i generell psykologi inklusive metode (ikkje arb-org emne, 60 studiepoeng) vurdert, så samanhengen i arb-org emna (80 studiepoeng), og så rekkefølga og innhald i emna i generell psykologi og emna arb-org.

Rekkefølga på emna i generell psykologi ser adekvat ut og det er ingen kommentarar knytt til dette. Innholdet er vurdert tidlegare og er godt tilpassa eit bachelorprogram i psykologi.

Rekkefølga på emna i arbeids- og organisasjonspsykologi: PSYK110 Arbeids- og organisasjonspsykologi (3. semester) skal, som namnet seier, gi «*ei skoloring i sentrale teoriar og perspektiv innan det arbeidspsykologiske og organisasjonspsykologiske fagområdet*» som «*inkluderer kunnskap om dei to separate feltane arbeidspsykologi og organisasjonspsykologi så vel som forsøka på integrering*» ser ut som ei første innføring i arbeids- og organisasjonspsykologi, men kjem ikkje først av emna i arbeids- og organisasjonspsykologi. Det første emnet i faget er PSYK 106 Personalpsykologi på 2. semester, som vel kan klassifiserast som arbeidspsykologi, og som ideelt burde komme etter

PSYK110. Bortsett frå dette momentet ser rekkefølga på og innhaldet i emna i arbeids- og organisasjonspsykologi adekvat ut.

Samanhengen mellom generell psykologi og arbeids- og organisasjonspsykologi: Emna i generell psykologi kjem i hovudsak før emna i arbeids- og organisasjonspsykologi. Arbeids- og organisasjonspsykologi bygger i stor grad på sosial-, personlegdoms- og kognitiv psykologi, så ei slik organisering har godt fagleg grunnlag. Når det gjeld PSYK106, Personalpsykologi så bygger dette på ei rekke tema frå generell psykologi, som personlegdom, persepsjon, attribusjon, intelligens, sosialisering m.m. Disse emna kjem i stor grad før PSYK106, så studentane skal vere godt førebudd på tema som kjem i PSYK106.

2. Spørsmålet om emna i generell psykologi passar inn i programmet i arbeids- og organisasjonspsykologi er vel alt svart på. Eit hovudpoeng er at emna i generell psykologi gir nødvendig grunnleggande kunnskap om tema som er sentrale i arbeids- og organisasjonspsykologi. Både innhald og rekkefølge av emna vurderast å passe inn i programmet.

Enkelte vil kanskje seie at biologisk psykologi ikkje er relevant for arb-org, men alle tema innan psykologi har biologiske korrelat. Eit tema som «stress» er sentralt innan både biologisk psykologi og arbeids- og organisasjonspsykologi, og kan relaterast til dei fleste av momenta som er nemnt i studieplanen (sjå lenger opp i dette dokumentet). Forsking i sosial- og personlegdomspsykologi nyttar også i stadig større grad metodar frå biologisk psykologi, spesielt hjerneavbilding, til å forstå det biologiske grunnlaget for sosiale prosessar og individuelle forskjeller. Så skal programmet i arbeids- og organisasjonspsykologi holde seg forskingsmessig oppdatert så er det etter fagfellen sitt syn nødvendig med grunnleggande kunnskapar i biologisk psykologi.

Intervju med studentar

Det vart tatt kontakt med fem studentar for intervju, men berre to svarte positivt.

Student 1: Intervju med tidlegare student. Studenten var frå eit koronakull og hadde hatt mesteparten undervisinga digitalt. Studenten gjekk ut V22 og går no på masterprogrammet.

1. Programmet fungerte veldig bra. Det var veldig grunnleggande først og så meir komplekst etter kvart, og emna bygde på kvarandre. Det var progresjon i studiet. Spesielt bra var at ein kunne bruke første semester som basis og bygge vidare på det. Det som kunne vore betre var at første semesteret hadde alle tre emne eksamen same veke, som var overveldande. Eksamen kunne vore strekt ut meir. PSYK 111 og PSYK112 kunne vere vanskelege å skilje. Metodefaget PSYK202 var veldig bra, men kunne kome seinare og nærmare BA-oppgåva, og studentane hadde gløymt ein del metode når dei skulle arbeide med denne. Det var ingen arbeidskrav i form av skriftlege innleveringar før bacheloroppgåva. Kunne hatt meir øving på skriving. Første skriftlege krav var BA-oppgåva. Elles var det veldig fin raud tråd i programmet.
2. Emna i generell psykologi passar veldig godt inn. PSYK114 var veldig greitt å ha, kanskje ikkje biologi, men greitt med litt innføring i det også. Kognitiv- og utviklingspsykologi passa godt inn. Studenten visste om ein som har fått jobb innan barnevernet fordi vedkommande hadde hatt utviklingspsykologi. Litt av alt må med, og personlegdom og sosialpsykologi er kanskje mest relevant. Metode er også veldig relevant, brukte det på BA-oppgåva, og seinare

i masterprogrammet. Veldig godt organisert metodeemne ved at ein kunne spesialisere seg innan kvalitativ eller kvantitativ metode. Det første metodeemnet PSYK113 gir ein god og mjuk start på metode, sjølv om studentane kanskje ikkje ser heilt relevansen av det så tidleg i studiet. Psykologiens historie passar godt inn, det er jo mykje psykologi i studiet, så fint med litt bakgrunn i form av historie. Kjem ikkje på andre moment. Kunne hatt fleire arbeidskrav i PSYK110, som er 30 studiepoeng og har ein eksamen på 8 timar. Studenten ville ikkje hatt meir av noko innan generell psykologi, men ikkje mindre av noko heller. Det er bra balanse i programmet.

Oppsummert så hadde student 1 stort sett positive utsegner om programmet, spesielt til dei to spørsmåla som er stilt. Det er ein god raud tråd i programmet med omsyn til innhald og kronologi, og emna i generell psykologi passar godt inn.

Student 2: Ferdig på BA vår 2023. Skal til utlandet og ta MA i Occupational Psychology.

Starta i 2020 og hadde mykje digital undervising, totalt tre semester.

1. Veldig god raud tråd i programmet. Naturlig å starte med PSYK111 og dei andre emna i første semester. Synes ikkje dei er for vanskelege, men det er tunge fag som krev mykje arbeid. Boka i psykologiens historie er kronglete, hoppa veldig frå epoke til epoke. Når det gjeld etterfølgjande semester så var det fint å få inn arbeidsrelaterte emne. PSYK106 Personalpsykologi var fint, ikkje krevjande. PSYK 114 syntest mange var eit tungt og stort fag med veldig mykje pensum. Det tyngste faget i heile BA-programmet. Seminara var veldig bra, då kunne ein drøfte tema, og fekk ei grundig og fin innføring. PSYK106 Personalpsykologi var naturleg å ha først av arbeids- og organisasjonspsykologi-emna og ga godt grunnlag for seinare emne. Var passe nivå. Ville ikkje endra noko på det. Ville heller ikkje endra på andre ting. Eksamensoppgåvene var forutsigbare. Arbeidskrav sakna studenten ikkje. Det var ingen arbeidskrav og studenten likte det. Likte også at det var obligatorisk frammøte på enkelte emne. Det var ein raud tråd i programmet.
2. Alle emna passar inn i programmet. Ingen er unødige. Studenten var seminarleiar i PSYK111 og PSYK113 og trivdest med det. I PSYK202 kunne ein fordype seg i ein type metode, kvalitativ og kvantitativ, som var bra. Studenten måtte lære seg SPSS på eigen hand til BA-oppgåva fordi vedkommande ikkje hadde lært nok i PSYK202. Sakna den praktiske anvendinga av det ein lærer i metode, det var mykje teori. Burde vore tettare oppfølging, med analyser med seminarleiar. Spesielt bra var emnet i personlegdom og sosialpsykologi. Veldig flinke seminarleiarar. PSYK114 var tungt, men usikker på kva som kunne vore gjort annleis. Metodeemnet kunne vore endra på, som sagt over. I PSYK114 så hang ikkje biologisk saman med kognitiv. Rekkefølge: kunne hatt PSYK106 Personalpsykologi i første semester, det er ikkje så vanskeleg og ein treng ikkje forkunnskapar. Enkelte slutta fordi det vart for vanskeleg første semester. Det er for lang tid mellom dei to metodeemna, og studenten hadde gløymt alt då vedkommande hadde PSYK202. Kunne trekt emna nærare kvarandre. PSYK200 Leiingspsykologi var fint, men det var obligatoriske presentasjonar, der artiklane var prikk lik dei som var i PSYK210. Dermed vart det repetisjon av det dei hadde gjort før så presentasjonane var overfløydige. Studentane fekk beskjed at dei ikkje kunne nytte presentasjonane frå PSY210 for dei som studentane skulle presentere for visste at studentane hadde hatt dette før. Innhaldet i Arb-org emna er litt for teoretisk. Lærte ingenting om korleis arbeidslivet faktisk fungerer, men lærte om modellar, og studenten kunne ikkje gått inn i arbeidslivet no. Det er ingen praksis i programmet, og studenten sakna praksis. Får ingen

større forståing. Ingen som veit korleis HR fungerer, for eksempel. Veit ingenting om arbeidslivet.

Oppsummert så rapporterer student 2 at det er ein raud tråd i programmet og at dei generelle emna passar godt inn. Studenten har ein del konkrete forslag til endringar i enkeltemne, og trekk fram at det ikkje er praksis i programmet. Likevel er det store bildet at studenten er nøgd med programmet.

Samanfatting av fagfelle og studentane sine vurderingar:

Det er stort sett positive vurderingar som blir gjort av begge problemstillingane, av både fagfelle og studentar. Eit par moment kan likevel trekkast fram.

- Dei to studentane har litt ulik vurdering av plasseringa av metodeemna PSYK113 og PSYK202. Student 1 vil ha PSYK202 seinare i programmet og nærare PSYK201 Bacheloroppgåva. Student 2 vil ha mindre tidsmessig avstand mellom PSYK113 og PSYK202.
- Det kan verke litt forvirrande at PSYK106 kjem før PSYK110, ettersom PSYK110 i emnebeskrivinga ser ut som ei første innføring i arbeids- og organisasjonspsykologi. Studentane sa likevel ikkje noko om dette.

Studentane nemner ein del andre moment knytt til arbeidskrav, øving i skriving, overlapp mellom PSYK200 og PSYK2010 og praksis, men disse er ikkje relevante for problemstillingane for denne vurderinga og blir ikkje vidare diskutert i denne omgang.

Oppsummering:

1. Både fagfelle og studentane vurderer at det er ein klar raud tråd i programmet både kva angår innhald og kronologi.
2. Emna i generell psykologi og metode som bachelorprogrammet i arbeids- og organisasjonspsykologi deler med andre program passar godt inn i programmet kva angår kronologi og innhald.